


ÅRSMELDING

for

SVEIO O-LAG

2010



Styret og utval har i 2010/2011 vore samansett slik:

Hovudstyret:

Thomas Førde, leiar
Hjalmar Lokna, nestleiar og skrivar
Kristian Sandvik Førde, kasserar
og it-ansvarleg
Lillian Wirkola, styremedlem
Unn Rognerud, styremedlem
Gei Milford, varamedlem

Tur-o-utvalet:

Thomas Førde
Unn Rognerud
Øystein Opedal
Astrid Nesse
Kristina Enerstvedt
Ole Daniel Eidsvåg
Leif Grutle

Thomas Førde har representert Sveio O-lag i Sveio Idrettsråd (SIR). Sidan årsmøtet i SIR i april 2010 har Thomas også vore styreleiar der. Øystein Opedal var utsending tiki årsmøtet i SIR saman med Thomas.

Leiaren har også vore utsending til Rogaland o-krets sitt ting i februar 2011 saman med Kjetil Fiskå. Leiaren vart dessutan invitert til Norges O-forbunds galla og storseminar på Gardermoen i november.

Lillian Wirkola har representert SOL i representantskapets årsmøtet i Førde Samfunnhus, der Sveio O-lag har eigardel.

Eigne arrangement i konkurranseorientering

Nærløp 31. august i Auklandshamn

Om lag 50 o-løparar frå heile Haugalandet stilte til start i Sveio O-lag sitt nærløp siste dagen i august. Auklandshamn skule var ein glimrande samlingsplass, P-plass, start- og målrområde. Thomas Førde og Kjetil Fiskå hadde laga fem ulike løyper med postar i terrenget sør for Auklandshamn skule.

Nær-o-løpet var ein del av nær-o-løpskarusellen for klubbane på Haugalandet, der poeng frå kvar tevling tel samanlagt. Resultatlista ligg på Sveio O-lag si heimeside:

http://sveiool.org/res/nk_auklandshamn_2010.htm

KM i nattorientering fredag 9. april på Festningen Tittelsnes



For første gong arrangerte Sveio O-lag ein større konkurranse i nattorientering. Den gamle tyske festningen på Tittelsnes frå krigen og okkupasjonstida var høvisk nok valt som samlingsplass start- og målområde den 9. april.

Startskotet gjekk kl 22 om kvelden etter at det var blitt mørkt. Da kunne ein sjå mange sterke hovudlykter kring i terrenget lengst nord på Tittelsnes. Arrangøren hadde laga fire løyper i det o-tekniske krevande terrenget nord for Festningen.

Konkurransen samla nær 80 deltakarar. Etter målpassering vart det kåra kretsmeistrar for både Rogaland og Hordaland.

Den røynde arrangørstaben til Sveio O-lag skapte eit nytt godt arrangement som har gitt oss mykje ros frå deltakarar og lagsleiarar. Thomas Førde var løypeleggjar og løpsleiar med god assistanse i begge verva frå Kjetil Fiskå. Leif og Anne Grutle var kontrollørar.

Kristian S. Førde hadde ansvaret for påmelding, tidtaking og resultatlistar. Starten vart avvikla under leiing av Hjalmar Lokna og Geir Milford, medan Lillian Wirkola, Astrid Sandvik, Unn Rognerud, Sunniva S. Førde og Bjørnar S. Førde dreiv kafe- og kiosksalet. Ole Daniel Eidsvåg styrte mellom anna parkering og var sentral i tilrigging og nedrigging på samlingsplass.

Ungdommane i Rogaland O-krets sitt Roots-prosjektet held etter natt-o-løpet fram med leir på Tittelsnes Festningen der Sveio O-lag sytte for kart og innteikna postar til treningsøkta laurdagen.

Lørdag ettermiddag og søndag held denne store o-helga fram med det tradisjonsrike Kristornløpet på Stord.

Resultata frå KM Mellom kan du lesa her:

<http://sveiool.org/lop/kmmatt2010>

Konkurransenorientering



God innsats frå våre unge løparar, her frå KM Ultralang
Fra venstre Sunniva Sandvik Førde, Louise Fiskå, Bjørnar Sandvik Førde og Jørgen Fiskå.

I løpet av O-sesongen 2010 blei det arrangert åtte nær-o-løp rundt på Haugalandet. Sveio O-lag stod som arrangør for eit av desse løpa, på Auklandshamn 31. august. Når sesongen nå er over er det laga rankingliste samanlagt for desse konkurransane. Sveio O-lags Lovise Fiskå (14) står ved sesongslutt som klar vinnar av klasse D-17K, kortløypeklassa for damer. Bror hennar, Jørgen Fiskå, hadde dessutan flest startar i nybegynnarklassa for gitar. Nedanfor kan du klikka deg inn på samanlagtlista og sjå kva plasseringar dei andre løparane har oppnådd: <http://www.hilogruppa.no/Dokumenter/Resultater/O-Gruppa/Nærløp/2010/Resultater/8-%20Rankingliste-NK-2010.pdf>. O-løparar frå SOL har dessutan deltatt i ymse kretsløp i Rogaland O-krets og i Hordaland (Odda og Stord) og i det store ferie-o-løpet 5-Dagars i Ørebro i Sverige.

KART-ARBEID

I løpet av Nye kart:

I året som gjekk blei det lagt ned ein god del arbeid i utfylling av digitale søknader om spelemidlar til dei tre nyaste karta me har fått produsert, Tittelsnes Festningen (1: 10 000), Valestrand skule (målestokk 1:2500) i same prosjekt som nærkartet Einstabøvoll (1: 5000) pluss turkart/o-kart Einstabøvoll (1 : 10 000).

Me har fått forskottert frå Sveio kommune sitt fond for mindre kostnadskrevande idettsanlegg 85 prosent av spelemidlane me kan få via Hordaland fylke til dei tre kartprosjekta. Etterpå har me fått tilsagn om spelemidlar til å dekkja 50 pst av kostnadane ved to av anlegga. Søknaden for kartet Festningen Tittelsnes har fylket ennå ikkje svara på. For at spelemidlane skal bli utbetalte må revidert rekneskap for dei tre anlegga lagast og leverast inn.

Rekruttering:

- 1. Dei viktigaste rekrutteringstiltaka i 2009 var skulesprintarrangementa ved Førde barneskule og Førde ungdomsskule (9. klasse) Desse tre tiltaka var lagde opp som heile aktivitetsdagar innan o-idrett med instruksjon på førehand.*
- 2. Under Finn Fram dagen var det lagt opp til instruksjon i bruken av kart og kompass og ei kort sprintløype med tidtaking ved bruk av databrikker. Dessutan inneheld rundløypa mellom aktivitetspostane på Finn Fram- dagen o-tekniske oppgåver.*
- 3. Speidarkretsen fekk bistand frå Sveio O-lag under NM i speiding, som blei arrangert i Førresfjorden i juni. Johannes S. Førde hadde ansvaret for gjennomføring av o-løpet under dette norgesmeisterskapet der nær 200 speidarar deltok.*
- 4. Barnas o-tur har fått aukande oppslutnad.*
- 5. Orientering blir nytta i skulen i undervisinga, særleg ved Førde skule.*

Skulesprinten

To orienteringsdagar blei arrangert ved Førde skule i juni.

Mellomtrinnet:



Tre av Sveio O-lags ungdommar, Kristian, Sunniva og Bjørnar planla og gjennomførte årets skulesprintarrangement for 4. til og med 7. klasse på Førde skule. På arrangementsdagen fekk dei god hjelp av Lillian Wirkola og av lærarar og andre tilsette ved Førde skule. O-dagen ved Førde skule mandag 14. juni starta med generell innføring om kart og karteikn. Deretter blei alle dei 75 elevane inndelt klassevis slik at kvar klasse etter tur besøkte ein

aktivitetspost langs ei rundløype. Aktivitetspostane var hinderløype med tidtaking, karteiknstafett og litt utfyllande teori om kartet, stjerneorientering og "Følg John".

I lunsjpausen var grillen rigga til og O-laget serverte nygrilla pølser i brød med saft attåt. Eit særst populært tiltak. O-dagen ved Førde skule blei avslutta med eit o-løp som hadde start ved banken ned i sentrum av Førde og mål på skulen.

O-løypa kunne elevane springa gjennom enten to og to saman eller individuelt. Ved målplassering fekk alle utdelt årets skulesprintpremie.

Ungdomsskulen:



I flott forsommarver onsdag 9. juni inviterte Sveio O-lag sine ungdommar 9. klassen ved Førde skule til ein heil O-dag ute i det fri. Dagen starta med teoretisk innføring i bruken av kart og kompass. Deretter blei 9. klassen delt inn i tre grupper som sirkulerte mellom tre ulike aktivitetsstasjonar. På den eine stasjonen var utfordringa stjerneorientering kor deltakarane fekk innteikna ein post på kartet som dei skulle finna ute i terrenget. Når posten var funnen måtte deltakaren inn til stasjonen og få ny oppgave.

På neste arbeidsstasjon var oppgåva hinderløp mellom anna gjennom eit tjukt brakafelt. Her var det tidtaking og innsatsen var heilhjarta for å oppnå bestetida.

Ved tredje arbeidsstasjon skulle elevane delta i karteiknstafett og deretter følgja oppgaveleiaren rundt i terrenget i ei øving kalla "Følg John". Alle deltakarane laut heile tida følgja med på kartet kor ein flytta seg i terrenget for å kunne slå fast ved kvart stopp kor ein var i høve kartet.

I matøkta blei det servert nygrilla pølser. Etter litt kvile kunne elevane prøva det dei hadde lært i ei enkel o-løype med tidtaking.

Turorientering

Turorientering rundt Festningen på Tittelsnes var mellom Sveio O-lags nye tilbod innan turorientering i 2010. Laget si nye kart over dette området blei for første gong tatt i bruk til turorientering.

Etter sommarferien kunne o-laget tilby dei ivrige tur-orienterarane enda eit nytt kart. Denne gongen over området mellom Valevåg, Einstabøvoll, Haugsjerd og Valesåto.

Fem ulike kart: Heile fem ulike kart og terreng innheldt årets familiepakke i turorientering. Pakka inneheld mellom anna kart over tur-o-postar rundt Auklandshamn, Lier/Børshovda og nokre postar vestover nær Paddevegen.

Registrering av postbesøk på internett: Nytt av året var også at alle som deltar i turorientering kunne velja om dei ville registrera seg direkte via internett. Kvar postbesøk kunne enkelt kvitterast ut på kvar einskild turgåar sin nyoppretta turkonto på internett. Om lag 40 deltakarar nytta seg av dette nye tilbodet. Det var såleis ein god start på den nye digitale tidsalderen, som truleg vil bli meir og meir populær og stadig betre utvikla.

Barnas o-tur: I fjor hadde Sveio O-lag rekordstor deltaking mellom dei yngste turgåarane. Barnas o-tur er ein særskilt pakke tilpassa dei yngste med fire ulike kart over nære turområde ved fire ulike tettstader kring i kommunen. I alt 20 ulike tur-o-postar må besøkast dersom deltakarane vil oppnå gullmerket. Alle dei 20 postane stod i 2010 ute heile sesongen.

Nytt kart: Eit heilt nytt kart var ein del av innhaldet i også barneutgåva. Kartet dekkjer eit spennande område like ved Valestrand skule. Dertil var det plassert ut barnetur-o-postar nær Førde skule, ved Auklandshamn skule og ved Fjellstad.

Nærtrim: Denne pakka er også velegna for vaksne som vil prøva turorientering for første gong ved å leita fram postar nær stiar og turveggar nær der ein bur.

Kulturhistorie: Nytt av året var også at nokre av tur-postane (5 ulike postar) var særskilt utstyrte med kulturhistorisk informasjon. Postar som låg på stader med spennande kulturminne, fekk interessante informasjonsplakatar om kva som der har skjedd i vår nære eller fjerne fortid.

Dette tiltaket har me fått sær gode tilbakemeldingar på.

Turorientering årsfest fredag 11.februar 2011



Unge merkevinnarar: Fra venstre framme: Ørjan Bergesen, Trym Valen Spångberg, Jomar Valen Spångberg, Victoria H. Møllerhaug og Vilde Bergesen.

I bakre rekke fra venstre: Lars Birger Bergmål, Iselin Helgesen, Malin H. Møllerhaug, Endre Hetlesæter, Eivind Valen Lie og Malin Helgesen.

Alderen kan variera frå 10 år og opp til over 70. Men dei har til felles at dei i fjor besøkte alle Sveio O-lag sine meir enn 50 tur-o-postar. Fredag 5. februar var det gullrush på Førde Samfunnshus med utdeling av forteneestefulle merke og plakettar.

Endre Hetlesæter er berre 10 år gammal men har klart gullmerke seks år på rad. Far hans Bjarne Hetlesæter blei denne gongen tildelt gullplakett fordi han har besøkt minst 50 av tur-o-postane gjennom 15 sesongar på rad.

Ung plakettvinnar er også Cecilie Johannessen som i fjor oppnådde gullmerket for femte året på rad.

Det meisterstrykket har også Øyfrid og Hjalmar Lokna klart i tillegg til Sigmund Enerstvedt og Kjell Egil Knutsen.

Nær 100 av årets ivrige deltakarar blei tildelte merke under Sveio Orienteringslag sin årsfest. Oppslutninga om årets turorientering har vore minst like god som året før. Særs gledeleg er den fine auken i talet på deltakarar i Barnas O-tur. Her har over 30 barn og unge gjort seg fortent til heidersteikn.

Salet av deltakarkonvoluttar i Barnas O-tur var dessutan klart betre enn i nokon tidlegare sesong. Auken var på 33 prosent i høve til salet i 2009.

Om lag 65 deltakarar har gjort seg fortente til edle merke i familieturklassa. 54 av desse har gjort seg fortent til gullmerket.



Plakettvinnarar: Frå venstre: Bjarne Hetlesæter, Hjalmar Lokna, Øyfrid Lokna og Sigmund Enerstvedt, som alle har oppnådd gullmerke i 15 år. Til høgre Kjell Sandaker som klart gullmerket i 10 år.

Finn Fram dag på Festningen Tittelsnes søndag 30. mai



Parkeringsplassane inne på festningsområdet blei for få då søndagens sterkaste pappa skulle kårast i Hestavikjo. Med to velfylte vassbøtter, ei i kvar hand, skulle den sterke pappaen halda armene strakt ut frå sida så lenge han orka.

Fleire fedre var villige til å påføra seg smerte denne vakre dagen i Hestavikjo på Tittelsnes. Ole Almås (bildet) leia lenge etter tre skjelvande og smertefulle minutt og ni sekundar. Men

så kom Sigmund Skard og kneip førsteplatsen med fem sekundar med ei vassbøtte på kvar strake arm.

Levande blink



Det var søndagskulane i Sveio som på sin stand under Finn Fram dagen ville kåra søndagens sterkaste pappa. Hos søndagsskulane kunne dei yngste også få kasta vasstrukken tung svamp mot levande blink iført sydvest og snorkelmaske.

Sju postar

Finn Fram dagen er blitt eit årvisst familiearrangement i friluft der Sveio O-lag er hovudarrangør, men der mange andre lokale friluftslag deltar. Frå festningsplassen på Tittelsnes hadde o-laget lagt opp ei enkel orienteringsløype med sju postar innteikna på dagens kart. På alle dei sju postane stod eit lokalt friluftslag og synte fram minst ein av sine yndlingsaktivitetar der deltakarane kunne få prøva seg.

Sild og poteta

Kystlaget serverte sild og poteta medan Geir Haug fortalte om korleis festningen var utstyrt og blei nyttta under krigen. Skyttarlaget held skytekonkurranse med luftgevær for stor og små, medan Sveio Jeger og fisk kunne tilby prøvofiske med kastestong frå eit idyllisk svaberg. Mange fekk fisk.



Kviss, data og hestesko

Sveio Turlag skipa til kviss om lokal geografi medan orienteringslaget mellom anna kunne tilby ei testløype i busk og kratt der tidtaking blei gjort med moderne databrikker. Svært mange av dei unge gjorde fleire forsøk for å slå bestetida.

4H klubbane (Ørevik og Sisu) inviterte til konkurranse i hesteskokasting og volleyball medan dei selde nygrilla villmarkspøsler til heile lageret var tomt.

O-tekniske oppgåver

På kvar av dei sju aktivitetspostane langs rundløypa kunne deltakarane prøva seg på o-tekniske oppgåver. Etter innlevering av svar-arket etter målpassering på Sveio O-lag sin stand, kunne deltakarane vera med i trekninga om premiar og samtidig bli tildelt Finn Fram-sertifikatet om oppgåvene frå rundløypa hadde fått rett svar.

SOLs Finn Fram dag vekker oppsikt:

Vårt vesle Orienteringslag var nyleg invitert til Norsk Orientering si storsamling med gallamiddag og prisutdelingar til verdsmeistrar og andre velfortente personar innan norsk orienteringssport i året som gjekk.

Leiar i SOL, Thomas Førde, blei invitert for å halda innleiing om korleis me arrangerer Finn Fram dagen. Det er særleg det breie aktivitetstilbodet, den store oppslutnaden frå publikum og

ikkje minst frå fleire ulike lokale friluftslag som medarrangørar som vekte interesse og oppsikt i Norges Orienteringsforbund.
Litt av ei fjør i hatten for Sveio O-lag.

Kaffiposten

Det vakraste septemберveret ein kan ønskja seg lokka tur-o-folket til samling ved Åsetjødno nær Sveio sentrum. Denne søndagen (5.september) kunne Sveio O-lag lokka med servering av kaffi og kaker ute idet fri. Mange nytta dessutan dagen til å besøkja turpostane i terrenget på baa sider av Paddevegen.

Blant gjestene på haustens kaffipost blei det trekt ut tre premiar.



Den nye klubbfaaa på haustens kaffipost

Utstyr

Nye løpsdrakter

Etter minst sju år utan fornying laut det lagast og tingast nye løpsdrakter. Me valde å kjøpa nye overdelar med kort arm og med ny design, i klubben sine fargar (kvitt, rødt og grønt) med klubblogo på venstre side i front. Sunniva S. Førde, stod for design i samarbeid med produsenten. Draktane blei produserte av Trimtex og blei selde til medlemmene for kr. 300 (for vaksne) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har framleis nokre drakter på lager.



Overtrekksdressar: Det ligg også nokre overtrekksdressar på lager etter fornyinga i 2009.

Telt: Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røynslene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit likande telt, denne gongen i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av eigne arrangement.

Klubbffana: For første gong har klubben skaffa seg lagsfane eller klubbflag. Dette flaget i grønt med Sveio O-lags logo på pluss klubbnamn og teksten: ”Me gjere det i skogen”, blei produsert hos eit svensk firma. Flaget er blitt nytta under eigne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland.

Premie-/gavkrus med klubblogo og namn: Me har i lengre tid drøfta trongen for gåveartiklar og premiar med klubblogoen på. I 2010 blei det lagag eit nytt krus med påtrykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: ”Me gjere det i skogen”. Me har investert i eit rikeleg lager av slike som me i fleire år kan spreia med glede til dei som fortener det.

Skulebrikker:

Til elektronisk tidtaking i enkle stemne utan bruk av PC har SOL nå to klassesett med ekt-brikker.

Konkurranserbrikker:

SOL disponerar ca 20 EKT-brikker. Me har supplert med 10 nye brikker i 2010.

Fingerkompass:

Klassesett med enkle fingerkompass fekk me frå Gildefondet.

Vanlege kompass: Eit klassesett

Kart: Tittelsnes Festningen:	1: 10000	Årstal ferdig	2009/10
Valestrand skule:	1: 2000		2009/10
Einstadbøvoll:	1: 10 000		2009/10
Einstadbøvoll 2:	1: 5000		2009/10
Auklandshamn i målestokk	1:10 000		2004
Auklandshamn skule	1: 5000		2004
Slettene	1: 5000		2004
Førde	1:10 000		1998
Førde nærkart	1: 10 000		2003
Førde nærkart	1: 5 000		2003
Førde Prestabryggjo	1: 5000		2006
Lier	1: 10 000		2006
Førde skulekart	1: 2000		2006
Auklandshamn skulekart	1: 2000		2006
Valestrand	1: 15 000		1973

Kart/løypeteikningsprogrammet: OCAD 8

Følgjande postutstyr er på lager i klubben si eiga

Minst 60 postskjermer i bra stand

Posteiningar for tidtaking med EKT:

Postkode:		Postkode	Postkode:	
0	X7	150	173	
97		151	174	
100	X2	152	175	
101		153	176	
102		154	249	x2
103		155		
104		156		
105		157		
106		158		
107		159		
108		160		
109		161		
110		162		
111		163		
112		164		
113		165		
114		166		
115		167		
116		168		
117		169		
118		170		
119		171		
120		172		
121				
122				
123				
124				
125				
126				
127				
128				
129				
130				

Tidtakarutstyr:

MTR2 med printer og pc-kabel,
MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel
MTR4 med EPR-3(printer) og pc-kabel(USB)
250-avlesar og USB-avlesar.
Lisens til E-timing

Sveio O-lag på nettet

www.sveiool.org

Kristian S. Førde har utvikla og vedlikeheld laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar mulegheiter for frodig bruk av bilde. Resultatlister frå egne arrangement og andre arrangement me har deltakarar i blir lagt ut på heimesidene våre. Nett-ansvarleg Kristian er også IT-ansvarleg under Sveio O-lags konkurranse-arrangement.

Sveio O-Lag - Microsoft Internet Explorer provided by Stavanger Aftenblad ASA

http://sveiool.org/index.php?mode=kal&m=f&e=1298840471

Google™ This page is in Norwegian. Translate it using Google Toolbar? [Learn more](#) [Not in Norwegian?](#) [Help us improve](#) Translate


Sveio O-Lag

- me gjere det i skogen

ORIENTERING
Vilt Vakkert
og Rått

Årsmøte

Av **Kristian** 17.02.11



Innkalling til årsmøte i Sveio Orienteringslag
Tirsdag 1. mars kl. 18.00
I Forde Samfunnshus

SAKLISTE:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av ordstyrar, skrivar og to personar til å skriva under moteboka
3. Årsmelding

Viktige filer:

- PM for KM Natt 2010
- Historisk info om Festningen, Tiftelsnes
- Innbyding til KM Natt 2010, Revidert
- Referat årsmøtet 2010
- Årsmeldinga 2009
- Årsmeldinga 2008
- Valresultat 2009
- Årsmeldinga 2007
- Årsmeldinga 2006
- Årsmeldinga 2005

Turorientering på nett:
Brukernavn